

Torbjørn Vedelden

Eikeland Skule

Redigert av Per Spødervold



Del av bilete som er nemnd nedafor. Det er av Eikeland frå 1904, med det gamle skulehuset til høgre. Det var bygd i 1881 og rundt 1900 flytta omlag 50 m frå toppen av bakken lenger til høgre på bilete. I 1918 vart det bygd nytt skulehus på same staden

Eikeland skule – huset bruken og brukarane

Far min, Olai Vedelden, blei tilsett som lærar på Eikeland i 1900. Eg kan aldri minnast at han snakka om det skulehuset som stod ca 50m lenger nord, men blei flytta dit skulehuset (nå grendahus) står idag. I følge skuleprotokollen for Eikeland Krins, datert 3. februar 1898, var det drøfting om inngjerding av leikeplass eller flytting lenger sør (ikkje så verhardt) “hvor det fra begynnelsen var ment å stå”. Den nye plassen var “en stenrøis” som Halvar Egeland var villig å planere til leikeplas. I 2008 fann vi eit foto på Sundnes (Rovde, Sunnmøre) etter farbror min. Det er heilt likt med det biletet av Eikeland som står i Bjerkreimboka II (sjå ovafor). På baksida var det skrive: “Torbjørn Vedeld 1904”. På fotoet ser vi at skulehuset er flytta til nåverande plass. Fotoet er det truleg far som har tatt og sendt til bror sin. Konklusjonen må bli at flyttinga fann stad mellom dei to årstala 1898 og 1904. Kanskje så tidleg som 1900. (gjetning sidan far aldri snakka om den gamle plaseringa)



Slik huset såg ut ein vinterdag 2010. Dei småruta vindauga vart i 1977 skifta ut med dei store meir moderne.

Det er fortalt at når dei flytte huset, rullde dei det på nokre stokkar og Sakarias Hegelstad var uheldig og klemde fingen sin.

4. januar 1908 er elles ein merkedag . Då blei nybygging av det flytta huset bestemt. Men



Elevane på småskulen på Eikeland fotografert i januar-februar 1904. Bak f.v. Tollei B. Ivesdal (går 1. året), Vallun Eikeland (3.), Pannel Asheim (3.), Klaus Hegelstad (2.) og Sven Spødervold (2.). Framme f.v. Emma A. Asheim (2.), Borghild Ivesdal (3.), Kaia Hegelstad (2.) Bergit Ivesdal (1.) og Alma Brådli (1.) I følge protokollen var første skuledagen deira 16.04.01, 17.04.02 eller 16.04.03. Fotograf Villads Sagland

ikkje berre det, det blei også bestemt at landsmålet (Nynorsk) skulle innførast i skulen på Eikeland..

Alt hausten 1918 blei det nye skulehuset bygt. Og 2. juledag same år blei det innviggt av Gitle A. Bjerkreim. Huset blei tatt i bruk 2. januar 1919. Ikkje alle var samde i plasinga. M.a. ville “dei Asheim” at det skulle ha stått ved “Grimbleet”, som er ca 100 m sør for Hofreiststua, Øksnevad si hytte. Ein av grunnane som var gitt mot å ha det der det nå står, var at “det rant en øredøvende mølledam” forbi skulehuset. Men eg kan vanskeleg forstå at skulebekken uroa nokon, jamvel om det kanskje var meir vatn i han før.

Korleis skulehuset såg ut innvendig i 1919, veit vi ikkje. Men truleg var det slik som då vi gjekk på skule - kanskje litt meir inventar etter kvart. Huset hadde to like store rom, eit i kvar ende. Midt i mellom var gangen, og inst i den eit lite lærarrom. I tillegg hadde vi også “Vedaskuten” som også hadde eit do for jentene og eit for gutane. I tillegg var det også 3 “pissebåsar”, som vi kalla dei.

Skulegarden låg “på en røis”, men korleis han var då, veit eg lite om. I mi tid var det grus med mykje småstein. Hallvard Egeland, søskenbarnet mitt, har fortalt at då dei grov ut grunnen til løebygningen deira, då den blei flytta ned, så blei grusen køyrd til skuleplassen og tømd der. Kanskje det berre var ein del som hamna der.

Friminuttane var gjerne det gildaste. Då heldt vi “ståtikken” eller “tre mann i vinden” eller “femball”(stikkball). “Slå ballen” må eg slett ikkje gløyma. Veldig gildt alt saman; så tykte nå eg. Kan nemna at ballane var sydde saman av tøyfiller, men det var O.K. I småskulen var det kanskje meir av vanleg “tikken”, “bru, bru breia” og “jepping”. Det siste var mest aktuelt om våren, og då også i storskulen. Vi gjekk 3 år i småskulen og 4 år i storskulen, det vil seia 7-årig folkeskule, som det då heitte.

Me hadde og «Gje vink» og «Å melda». Viss det var regn, var me i gangen og hadde leiken «Å stiga». (Fortalt av Per)

Om vinteren var det ofte snø så vi kunne renna på ski i bakken ovanfor. I småskulen kunne “Skarpeskolt” vera litt av ei utfordring. Når det var skikkeleg mykje snø, så kunne vi renna over vegen og ned på Håfreista om isen bar. I middagsfriminutta kunne det henda at vi rann i Strandbakken. Den var brattare, så det blei meir fart og spenning. Ja, eg minnest og at vi kunne setja skia att i bakken utafør gjerdet. Då kunne vi renna der også i eit vanleg friminutt. Skeising på Håfreista var heilt ubetydelig. Det var helst om kveldane at vi kunne samlast og skeisa, så lenge det ikkje var kome snø. - Elles når det var kram snø og nok av han, så heldt vi snøballkrig. Spennande! Men eg tvilar på om elevane ville fått lov til det idag. Kan ikkje minnast at det hende noko gale.

I tida fram til 1941 var middagsfriminuften ein time, trur eg, for far kvilde middag. Til gjengjeld så



Elevane framfor skulen i 1948. Bak f.v. Leif Hegelstad, Peder Eikeland, Terje Asheim, Edvin Ivesdal, Oddmund Asheim, Per Bråddli. Midten Irene Asheim, Brita Eikeland, Hanna Hegelstad, Gerd Eikeland, Magnhild Eikeland, og Tordis Hegelstad. Framme Tyra Ivesdal, Berta Ivesdal, Agda Eikeland, lærar Jørgen Skjøveland, Helga Eikeland og Alma Ivesdal

var det ganske ofte at skulen varde heilt til kl fire. I det lange friminuttet kunne skuleungane finna på å ga på Middagsknuten eller på ein annan langtur. Ein gong dei var i Storestein-hagen (br 5, Eikeland), først på 1900-talet, og skulle henta sureple (blei søte når vi la dei i høy ei tid) så var ein av dei uheldig når han skulle klatra ned. Enten hadde han for stor fart, eller så datt han. I alle høve hengde overleppa seg fast i ein av dei mange kvistane og blei kløyvd. Det var vel ikkje snakk om lege eller syng, og merket hadde mannen all sin dag.



Bilete av skulehuset frå boka «Norges Bebyggelse». som vise enden der møtestova var. Sulestova i motsett ende hadde heilt like vindauge.


I det lange friminuttet har eg som ei aning av at sume gjekk til “Tjødnæ” (Eikelandstjørna) og rende på skeiser når isen var sterk og det ikkje var snø på han.

Når “den øredøvende mølledammen” var utan vatn, og i mi tid var det ganske ofte, så kunne vi krypa gjennom bekken sin tunnel under skulegarden. Det var visst ulovleg, for det kunne plutsleg koma vatn. Det var nok meir slik “i gamal tid” når dei opna vatnet for trøsking eller maling på kvernane.

Det var nok meir “øredøvende” når dei tyske flya kom bråkande. Ungane



Elevane ved storskulen våren 1963. Bak f.v. Ingebjørg Øygaard, Lovise Hegelstad, Lise Hegelstad, Møyfrid Hegelstad, Olga Eikeland, Marta Hegelstad og lærerinne Dortea Berge frå Sandnes. Framme f.v. Mary Asheim, Sigrunn Ivesdal, Janie Ivesdal, Olav Asheim, skjult bak han står Ståle Eikeland, Harvid Ivesdal, Jan Oddvar Eikeland og Paul Eikeland Under: Lærer Dortea Berge frå Sandnes



var forvitne og for til vindaugo midt i timen. Ein slik gong låg Asbjørn Egeland og tynna forkål rett utafør skulen. Han såg ikkje opp ein gong. ”De skulle sjå på Asbjørn. Han ensar ikkje flya, men er opptatt med nyttig arbeid. Det skulle de og tenkja på”. Noko slikt sa læraren. Om det blei til lærdom, skal vera usagt.

Vi hadde skule annankvar dag. Etter “morgonsong og bøn” var det bibelsoge to dagar i veka og forklaring den tridje. I storskulen var det kyrkjesoge i staden for forklaring, trur eg. Men det var ikkje kvart år vi hadde kyrkjesoge. Bibelsoga var oftast grei, og forklaringa gjekk og tolleg, men kyrkjesoga var vanskeleg eller uinteressant, tykte eg den tid. Det einaste som var spennande, var katekombane og gladiator- og løvekampane. Når soge var eit spennande fag, så trur eg helst det var på grunn av vikingane. Ja, så var det svært med Håkonshallen som blei bygt så vi nordmenn skulle sleppa å skjemmast når det kom storfint besøk av kardinalar og kongar. Så må vi heller ikkje gløyma birkebeinarane! Ekte nordmenn!

I naturfag og landkunne hadde vi arbeidsbøker, takka være meir moderne pedagogikk. Om det var den som gjorde det at eg ennå kjenner dei fleste elvane i Spania, veit eg sanneleg ikkje. Byar i Belgia er det nok smått stell med. Det er helst på linje med “lille Marius” når læraren ville ha “Flere byer i Belgia” Men Brussel meiner eg ligg der, - Elles må eg vedgå at sugepumpa trur eg ennå at eg kan teikna og forklara. Så kanskje det var noko med pedagogikken likevel.

Ved sida av Kristendom, så var dei store faga Rekning, Lesing, og Norsk. “Skjønnskift” som vi kalla det, hadde vi ein del av både i små- og stor-skule. Då vart gjerne klassen delt, så sume skreiv og andre hadde norsk eller rekning. Jørgen Skjæveland hadde ein vri. Medan vi skreiv, så les han høgt frå ei spennande bok. Då gjekk timen fortare.

Litt teikning og song blei det og rom for på timeplanen. Jørgen Skjæveland likte å syngja. Ein

Då eg gjekk i første klasse var timeplanen slik: Religion i første time. I tillegg høyrde Jørgen Skjæveland elevane i gangetabellen denne timen. Andre time var det rekning. Tredje og fjerde time var det lesing og skrivning, 3. klasse las høgt mens 1. og 2. skreiv, og så omvendt neste time. Femte time var forskjellig, og kunne vera t.d. teikning, leike med kitt, osv. (Fortalt av Per)

gong spurde han ei jente; “Kvifor syng du ikkje?” Ho slapp å svara, for broren kom henne til unnsetning; “Det er bara det at ho er så redd for lunnen (stemmen) sin.” Jørgen Skjæveland lærde oss også alle dei skandinaviske nasjonalsongane. Elles minnest eg “*Dold mellom furorna ligger min koia*”, “*Brøyte seg rydning i svarteste skog*”, “*Når fjordene blåner*”, “*Om sundagsmorgonen er det no kaffikoppen svart*” og “*At far min kunne gjera*” og sjølv sagt “*Blåmann, Blåmann bukken min*”, “*Den fyrste song*” og endå mange fleire. I dag er dei fleste ukjende.?

I teikning var det ikkje snakk om å spara “lunnen”, men for mange av oss kunne det vera temmeleg vanskeleg å spara viskeleret. Ein elev hadde klart å viska og sverta heile arket. Då læraren såg det, kom kommentaren: ”No må de koma og sjå. N.N.har teikna myrkret.” Ein annan elev skulle teikna ein rev som hoppa etter rognebæra oppe i treet. Men det fekk han ikkje til, så viskeleret måtte brukast — ikkje heilt vellukka det heller, for det sto svake merke etter det som skulle vera ein hoppande rev. Derimot var det teikna tydelege spor inn til treet og bort att. Men der spora gjekk ut av arket, var det teikna ein revehale med kvit dusk. Det var nok litt for vanskeleg å få med heile reven. Då læraren såg kunstverket, så stussa han litt, men så kom latteren. “Høgt heng dei, og sure er dei,” var det skrive oppforbi, og det var læraren nøgd med og godkjende teikninga.

Lærarane i “gamal tid” kunne vera nokså direkte og ganske slåande i sin kommentarar. Dette hende medan elevane endå skreiv norsk stil og leverte til retting. I den tid var det penn og blekk, og svaret kunne sakte bli prega av at eleven ikkje hadde spart på blekket. Ein elev som hadde levert lenge etter svarfristen, fekk ein kommentar som neppe ville bli godtatt idag: “Lite var det, skite var det og seint kom det fram”

Kanskje vil du tru at ein slik lærar ikkje hadde sans for elevane sine. Men ein gong elevane skreiv stil på skulen, så fekk ein elev, som vanlegvis skreiv godt, det vi nå kallar “jernteppe”. Då kom læraren og sette seg med sida og kladda stilen for han. “No får du føra han inn”, og det gjorde eleven så godt han kunne. Då han fekk stilen tilbake, stod det under: “Bra arbeid”.

Dei fleste elevane måtte ha med seg mat som dei åt i middagsfriminuttet. Det var gjerne ei brusflaske mjølk og sjevemat, og det skulle ikkje rørast før middagspausen. Men spesielt ein elev åt gjerne opp sjevenerne alt i første friminutt. Det hjelpte lite å formana. Og eg kjem på kva eleven skreiv i ein stil på framhaldsskulen. Han og mora var heilt uenige. Han ville gå til dei vaksne slåttekarane medan mora lova gull og grønne skogar, - nei kaker og godsaker om han ville vera heime. Men som han skreiv: ”Eg seira til slutt”. Slik enda det med læraren ögså.

Ei anna festleg hending, iminsto for elevane, var treskosleppet. Dei fleste gjekk med tresko, og når dei hadde sett seg om morgonen, sette dei knea mot underfjøla på pulten og slepte skoa mot golvet. Det høyrdest nok, men så var det ögså gjordt.

Det galdt vel då som nå å gjera elevane til “gagns mennesk”. Ikkje alltid like lett. Men lærarane då likevel som nå, visste at ikkje alle var like flinke eller hadde same interesse for bokleg lærdom, men at dei som vaksne kunne vera svært så flinke. Såleis var det ein elev som hadde vanskar med å fortelja lekser i bibelsoge. Då fortalde læraren stykket medan eleven sa ”ja” etter kvart som forteljinga gjekk fram. Men det blei ein framifrå dugande mann i sitt yrke. Albert Einstein blei og sett på som nokså middelmådig i matematikk medan han gjekk på vidaregåande, men korleis gjekk ikkje det?

Karakterar er ikkje alltid enkelt å setja, slett ikkje i norsk. Ein som “retta” eksamenstilane sa: “Eg har ikkje så mykje greie på norsk, men eg kjenner foreldra. Og så set eg karakter etter det.” Det klaffa visst svært så godt. “Eple dett ikkje langt frå stammen”, heiter det. Men ein kan jo vera litt mistenksam og tru at “stilrettaren” hadde betre greie på norsk enn det han gav uttrykk for.

Vi hadde ikkje engelsk i folkeskulen. Men ein student, Sigurd Saltveit, som vi hadde eit år som lærar, tilbød gratis undervisning ein time i veka etter ordinær undervisning. Vi var tre stykk som takka ja og dermed fekk litt “flying start” når vi skulle vidare på skule. I første omgang var vel det framhaldsskulen. Det var likevel ikkje like lett å overstja til norsk, men det var vel helst ein glipp når “the ducks in the duckpond” blei til “endene i endedammen”. Men ein sund latter forlenger livet, jamvel om det er krig. Og det var i framhaldsskulen under krigen at dette hende. Dei hadde faktisk engelsk då og. Ein skulle tru at styresmaktene ville kravt tysk. Men kanskje det ikkje kom NS for



Småskulen på Eikeland våren 1966. Bak lærar Gunvor Sundvor, Geir Asheim, Aud Oddfrid Eikeland, Asle Bjørnar Eikeland og Alf Hegelstad. Framme Endre Hegelstad, Karl Spødevoll og Torvald Spødevold. I øveste høgre hjørna heng eit bilete av kong Håkon (vel det einaste bilete som var i skulestova?)



Elevane i storskulen på Eikeland myser mot vårsola i 1966. Bak: Knut Hegelstad, Per Spødevold, Jan Reidar Ivesdal, Per jan Spødevoll, Per Agnar Eikeland og lærar Gunvor Sundvor. Framme Janie Alice Ivesdal, Sigrun Marit Ivesdal, Aud Ivesdal, Oddveig Hegelstad, Gjertrud Eikeland og Oddny Hegelstad

øyra. Skulen var vinteren 1944/45 og Haavard Vedelden var lærar. Han var nok glad for det, for elles kunne han ha blitt tvangsutskreven til Arbeidstenesta som NS dreiv for vemepliktig ungdom. Motstandsørsla sette fyr på leiren på Eikeland på Heia rett over nyår 1945.

Framhaldsskulen vart halden i møtestova. I 1948/49 var det igjen framhaldskule. I siste liten klarte kretsen å få folk nok til ein klasse. Det kom to frå Birkelandskrinsen og ei frå Malmei som redda oss. Gudrun Olden Nedrebø var lærar. Gudrun budde i lærarromet, men reiste heim kvar helg. Tønnes Ivesdal køyrde henne både heim og tilbake. Ho var uvanleg dyktig lærar. Ein gong ho var sjuk, underviste ho oss frå senga. Arne var den einaste som hugsa reformatoren Savonarola, og han blei alltid spurt om den. Etter kvart visste vi det også. Så etter den framhaldsskulen er det truleg mange som ikkje berre minnest Martin Luther, men med eit smil og gode minner kan nemna Savonarola også.

Eit anna "smil" var då tunga slo krøll på seg og eleven kunne fortelja at keisar Augustus overtok



Framhaldskulen på Eikeland 1948-49: Fv. Torborg Malmei, Torbjørn Vedelden, Arna Eikeland, Jørgen Ivesdal, Ranveig Spødvold, Gjermund Eikeland, Bjørg Ivesdal, Arne Ivesdal, Åsa Fuglestad, Solveig Birkeland og Gudrun Olden Nedrebø, med dottera Anne Margrete på armen

eit Roma som låg i “urin”. Det hjelpte nok ikkje så mykje at det straks blei retta til “ruin.” Smil og godlatter hadde alt vist at vi fylgde med i timen. Eg trur at Gudrun alt hadde lært oss at det var skilnad på lått, den gode hjertelige mot den meir vondarta eller hånlege.

Gudrun hadde ei veke permisjon. Då var far hennar, rektor O.F. Olden, (Kongsgaard, Stavanger), vikar. Serleg skulle han læra oss bokføring. Så skulle vi også få ha ein spørjetime. Han hadde nyleg vore på slottet og takka for Kongens forteneeste medalje. Det blei vi tipsa om. Kanskje det kunne vera litt interessant å høyra om. Men det skulle visa seg at interessene var annleis. M.a. blei det spurt om vi stamma frå apekattane, og kvifor kvinnfolka ikkje hadde skjegg. Kva han svara minnest eg ikkje, heller ikkje andre spørsmål. Men det blei i alle høve ikkje spurt om Kong Håkon 7. eller forteneestemedalja.

Eit anna intermessio var Gjermund Eikeland som vagla seg øvst på møtebenkene. Dei var stabla langs veggen borte frå kateteret. Gudrun tenkte nok at han blei lei, og det gjorde han også. Men det må vedgåast at han var uthaldande. Men Gudrun let seg ikkje merka med det.

Etter den teoretiske delen hadde vi ca 2 mnd. med sløyd eller sykurs. Til desse kursa fekk vi “innvandraran”, nokre som ikkje hadde vore med frå starten, men som nå gjorde at klassane blei meir fulltallige. På sløyden hadde vi Per Espeland, Gjedrem til å undervisa oss. Han budde hos morbrørne, Bjøm og Arne Eikeland. Her og hadde Gjermund eit påfunn, og denne gongen vekte det hjerteleg latter. Han hadde hengt ei lang spøne bak på Per utan at han merka det. Men då klassen stod og lo då han sprang oppover bakken til middags, så skjøna han det etter kvart. Ja, ja, “den som gler seg over lite, har mykje å gleda seg over.”

På sykurset var dei sikkert meir skikkelege, men dei hugsa ikkje kva lærarinna heitte. “Men ho budde på Asheim”. Kanskje eg ikkje spurde dei rette.

Skulehuset blei brukt til mange føremål. Namnet på møtestova fortel at her blei det halde møte eller samling som det gjerne blei sagt i litt eldre tid. 1. april eit år, fortalde Halvar Egeland kona si, Alida, f. Bråдли, at det skulle vera samling i skulehuset. Ho tykte det var litt rart, for ho hadde ikkje høyrte noko om det før. Ho gjorde seg likevel i stand og gjekk. Men då ho hadde gått eit lite stykke (“fram på Grunnen”), kom ho plutseleg på at det var narre-dagen, og at det kunne akkurat likna mannen å finna på slikt.

I møtestova vart det og halde båd sy- og sløyd kurs. Vinteren 1938/39 blei det først halde sykurs med Ingebjørg Espeland som lærar og elevar frå Espeland og Eikeland skulekrinsar. Nokre av jen-

tene budde i Svalehuset. Ved avslutninga av sykurset var det rennefok og alt store snøfenner. Josep Malmei hjelpte mor gjennom fennene i skulehusbakken ved å bera minsten hennar. Til takk for strevet så tok vinden hatten. Den såg dei ikkje meir til før våren kom. Han låg i fonna langs gjerdet opp til “sjå Bjørn og Arne”.

Sløydkurset etterpå hadde Magnus Hompland (Nordfjording?) som lærar. Dei laga svære lenestolar, bufear og andre flotte møblar.

Folkeskulen heldt også sløyd- og sykurs for elevane i storskulen. Det var nok ikkje kvart år, men kanskje annakvart år etter at skulen var slutt om våren. Då måtte dei ha hjelp av ei lærarinne til sykurset. I mange år var det Hanna Møgedal (organist og lærar på Bjerkreim). Jentene hadde sykurset i skulestova, medan sløyden var i møtestova.

Av lærarane våre, så hadde Olav Østerhus eit lite bærbart orgel som han brukte når vi song om morgonen før eller etter morgonbøna. I songtimane brukte han det og, sjølv sagt. Til avslutning på dagen blei “Skriv deg Jesus på mitt hjerte” oftast brukt. Om morgonen var det gjerne “Sjå dagen sprett i austerrett.”

Åsmund Aure og Jørgen Skjæveland var sprekingar som sykla frå Vikeså og opp til Eikeland, 8 km morgon og 8 km kveld. Dei kunne overnatta i det vesle lærarromet når veret var ulagleg. Jørgen Skjæveland gjorde det av og til. Og når det var snø og rennefok vil eg tru Åsmund Aure også gjorde det. Men eg kan ikkje minnst det. Heller ikkje om han gjekk på ski, berre ei aning om at så kunne skje når vegen var stengd p.g.a. snø.

Olav Østerhus med kone og to born (Grete og Nils) budde i Svalehuset 1941/42. Saltveit budde hos Arne og Bjørn Eikeland, på same kvisten som Olai Vedelden hadde budd 45 år tidlegare. Saltveit hadde fele, og stundom spela han for oss. Far og hadde fele, men eg har aldri høyrte han spela.

I mine 7år i folkeskulen, hadde vi 7 lærarar: Olai Vedelden (40-41), Olav Østerhus (41/43), (43):Tyra Gjedrem (1 dag), ? Meling (14 dagar), O.Vedelden frå 1/9 til det kom ny lærar, Åsmund Aure (43-45), Sigurd A. Saltveit (45/46) og Jørgen Skjæveland siste året.

I 1962 var Jørgen lei av å sykla og fekk stilling på Bjerkreim. Dei fem siste åra det var skule, var desse 5 lærarar kvart sitt år: Dorthea Berge frå Sandnes, Anne Marie Rødberg (gift Asheim) frå Sør Audnedal, Ellen Stokstad frå Østfold, Gunvor Sundvor og Vigdis Birgitte Lundeby frå Østfold. Alle utanom Gunvor Sundvor var unge studentar

Eg veit ikkje kva tid han starta, men i min barn-dom var det Søndagsskule i møtestova. Det var Einar Ivesdal og Sakkarias Hegelstad som var lærarar. Vi borna kom ofte i god tid og leika oss i skulegarden. På eit lite samanbretta stivt papir fekk vi ei stjerne for frammøte. Seinare fekk vi ei lita bok, der stjerna blei plasert på innsida av permen. Ein skjeldan gong fekk vi eit bilete frå Jesu liv. Lærarane var sers snille begge to, men kva dei sa minnest eg ikkje nå. Derimot minnest eg (det er blitt fortalt så mange gonger) at etter Søndagsskulen ein gong, ved middagsbordet, spurde dei vaksne kva eg hadde lært. “Vi har lært at vi ikkje skal blanda fløset (skalet på kokte poteter) og fiskebein”. Dei smilte litt, men tolka det slik at vi skulle høyra kva mor og far formante oss, og vera lydige..

Einar og Sakkarias starta også Yngres arbeid. Då var vi større og ikkje alle var alltid like snille, men lærarane var ganske så overberande. Då hadde vi og små bøker med tekst og spørsmål,

*På sløydkurset frå okt. 38 til jan 39 gjekk desse:
Enevald Spødervold,
Enevald Hegelstad,
Arne Ivesdal,
Guttorm Øygard,
Bjørn Eikeland,
Nils Sundvor,
Martinius Sundvor
og Jørgen Malmei.*



Utklipp frå Rogalands Avis våren 1967. Geir Asheim, Endre Hegelstad, Vigdis Birgitte Lundeby, Inga Eikeland, Karl Spødevoll og Kari Hegelstad

og av og til hadde vi heimearbeid og måtte svara på utvalde spørsmål. Oftast var det greitt, men det var ikkje fritt føre at vi svara galt også, i alle høve sume av oss.

I 1954 reiste Sakkarias til Sunnmøre. Då han kom tilbake i 1959, døydde Einar. Ei tid seinare heldt Jørgen Ivesdal og delvis Helga Eikeland søndagsskule. Då ho reiste heldt Jørgen fram åleine. Så i 1985 blei Kristine Øygard med Jørgen. Men han slutta nokså fort då. I staden kom Johanna Hegelstad med, og etter kvart blei det ho og mannen Kurt, som dreiv skulen til langt ut i 90-åra. Då blei Søndagsskulen omgjort til Aktivitet- og seinare til Fredags-klubb. Nå i 2012 er det Carmen og Roy Anders Hegelstad som driv den.

Basarane og juletreffestane blei sjølv sagt haldne i møtestova. Søndagsskulen hadde sin fest 2. juledag. Vaksnefesten var ein dag, eller to seinare. Det var alltid ein tale, så matpause, gang rundt juletreet, gjerne

Vaksnefesten vart det slutt med i byrjinga av 60-åra, og etter 1980, var det julatrefest bare nokre år eller periodar.

opplesing frå eit julehefte og så gang rundt treet att. Etter kvart lærde vi songane, og sjølv tykte eg det var veldig gildt å gå rundt treet og syngja. Programmet endra seg kanskje med åra, eg veit ikkje, men kaffipausen var nok alltid med, og populær. På basarane var det og viktig med kaffi. Når vi kjende den gode kaffilukta frå den store koparkjelen på gangen, så skjønna vi at det nærma seg matpause. Det eg elles minnest frå basarane var at ungdomen slo seg saman og tok så mykje nummer at dei nærast var garanterte å vinna ei eller fleire fløtekaker. Stor jubel kvar gong dei vann. Så minnest eg sjølv sagt svaret pastor Uhl fekk då han spurde kva basarpengane gjekk til. "Jau, dei går til den norske hedningmisjonen". Indremisjonen, kanskje.

Den store kaffikjelen sto lagra ute på lærarromet, meiner eg. Dette blei også brukt til å ordna serveringsfata og etterpå til oppvask. Det var nok ingen papirkoppar og -asjettar den gongen. Men det var heller ingen som følte behov for det. Stemninga var alltid god.

I tillegg til kaffikjelen, var det og ei stor kopargryte. Kanskje dei varma vatn i den. Ho stod i lærarromet den og, trur eg. Men trongst det, så var det god plass på loftet for både kjel og gryte. Elles var det ei flott stemmeume, det må eg seia, som stod på loftet. Berre dei sprekaste kunne kliva opp. Luka var i gangen. Vel komne opp, kunne dei setja ned ei trapp som så kunne brukast av vanlege folk. Oppe på loftet var det lagra materiale til sløyden, pultar til overs og anna som kanskje kunne nyttast.

Under huset er det ingen kjellar, men i nord-austre hyrna er det ei luke slik at folk kan koma inn. Ein stige var lagra der. Vi kunne i alle høve sjå vassrøyrret opp til gangen. Sikkert kom det ned eit avløpsrøyr som truleg gjekk ned i jorda og rett i røysa.

I 1974, då Ivesdal Indremisjon fekk skøyte på huset frå kommunen, starta det også eit ombyggingsarbeid. Ny bruk kravde det. Men det var altså etter mi tid.

Nå er huset blitt grendahus, og det står berre att å ynskja at det ennå i mange år kan vera til nytte og glede for folket i krinsen/bygda, slik det har vore i tidlegare tider:

P.S.

Den første tida var far lærar også i Espelands-krinsen. Alfred Sundvor fortalde meg ein gong at Olai var med dei i leiken ute på skuleplassen. "Han var frykteleg sprek.", sa han

Så minnest eg far fortalde at i den tida såg han ofte laksen hoppa i Ytre Vinjavatn. Han kunne stå i skulehuset og sjå det.


Torbjørn Vedelden

(Opplysningar av Bjørn og Åshild Ivesdal, Gjermund Eikeland, Peder Eikeland, Jørgen Ivesdal, Torleiv og Kristine Øygard, Torbjørn Vedelden som og er skrivar)

Ei lita historie frå bygginga av huset:

Då huset vart bygd var Hans Asheim 20 år, og han hadde vore på jernbanestasjonen på Klungland med hest og kjerre etter matrial til huset, og lesst av på Eikeland. Då han kjørte vidare i mørket, hørde han noko som klakka bak han, og jaga på hesten for han vart redd. På Ivesdal heldt dei på med vegarbeid, og difor var det laga ein omveg å kjøra, heilt innåt kyrkjegarden. Men så nær kyrkjegarden våga ikkje Hans seg, så han kjørte over stokk og stein midt i vegarbeidsområde, der ingen kunne tru at det var framkomande. Då han kom fram til Asheim fann han ut at klakkelydane kom frå ei hegl som hekk i ein tausump bak kjerra. - Fortalt av Bjørn Ivesdal.

Skisse av Eikeland skule Anno 1947



Jenter frå Eikeland skule i 1960, samla i barneforening på Solvang hjå Anborg Eikeland



Bak frå venstre:
 Lovise Hegelstad,
 Mary Asheim.
 Ingebjørg Øygard,
 Lise Hegelstad,
 Møyfrid Hegelstad
 (delvis skjult) og
 Anborg Eikeland.
 Midten: Sigrunn
 Ivesdal, Janie
 Ivesdal, Gudbjørg
 Eikeland, Judy
 Asheim, Aud
 Ivesdal, Olga
 Eikeland og Marta
 Hegelstad.
 Framme Gjertrud
 Eikeland, Irene
 Asheim og Brit
 Hegelstad

Treff for tidlegare elevar på Eikeland den 8. september 2002

Alle elevar som hadde gått på skule på Eikeland, vart inviterte til dette treffet og dei kunne gjerne ta med familimedlemmer. Gamle skulebøker var utstilt og me hadde lånt gamle protokollar frå komunearkivet. Det var ein «historietime» ved Per Spødervold, salg av mat og drikke og leiken jepping vart prøvd av gamle elevar. På bilete nedafor er alle elevane som møtte fotografert

Framme f.v. Kari Hegelstad, Olga Eikeland, Serina Hegelstad, Ingeborg Hegelstad, Jenny Asheim, Arne Ivesdal, Brita Eikeland, Hanna Hegelstad, Gjertrud Eikeland, Inga Eikeland og Rolf Ivesdal (står).

Midtre rekkje: Tyra Ivesdal, Tordis Hegelstad, Ranveig Spødervold, Lisbet Hegelstad, Berta Ivesdal, Åshild Eikeland, Helga Eikeland, Jani Ivesdal, Ragnhild Hegelstad, Anlaug Brådli, Ada Sveta, Arna Eikeland, Agda Eikeland, Per Brådli, Aud Oddfrid Eikeland og Kjell Brådli.

Bakre rekkje: Jørgen Ivesdal (skjult), Georg Asheim (skjult), Geir Asheim, Elling Spødervold, Bjørn Ivesdal, Halvor Eikeland, Paul Eikeland, Tor Ivesdal, Gjermund Eikeland, Terje Brådli, Torbjørn Vedelden (ser til sida), Josefine Ivesdal (framfor Torbjørn), Torleif Øygard, Endre Hegelstad (delvis skjult), Peder Eikeland, Torvald Spødervold, Erlof Spødervold, Oddveig Hegelstad (skjult bak Erlof), Sigrunn Ivesdal og Halvard Eikeland. - Under er tri nærbilete av dei same personane.



Halvard Eikeland, Erlof Spødervold og Arne Ivesdal ser i gamle protokollar



Søskena Georg Asheim (89) og Jenny Hegelstad (93), er med på jepping

Eikelandbasaren 90 år i 2012

Frå eit stykke i Dalane Tidende før 90 årsjubileet i 2012.

Ifølge boka "Liv i vekst" som Misjonselskapet gav ut i 1946, vart Eikeland Kvinneforening eller Misjonsforening starta i 1922, altså for 90 år sidan. Det var 26 år gamle Teodora Bjerkreim Øygard som var første formann. Ho var tante til mannen til leiaren for foreninga dei siste åra, Anne Kristine Øygard. Teodora må ha vore ei initiativrik kvinne. Då ho var tenestejente på Spødavoll rundt 1918 begynte ho å laga juletrepynt og gjorde sitt til at dei begynte å ha juletre i huset.



Basaren 16.3.1989: Bakerst Enevald Hegelstad, Enevald Spødevold, Guttorm Øygard, Bjørn Ivesdal og Harald Bråдли. Framfor Ingeborg Ivesdal, Alida Øygard, Kjellaug Hegelstad og Valbjørg Spødevold

Teodora var formann til ho gifta seg og flytta til Hjelmeland i 1926. Då overtok Siri Ivesdal (1892-1965) og ho var formann i mest 40 år før Malena Ivesdal (1901-1981) overtok. Då ho døydde overtok Anna Celia Hegelstad (1918-1997) og ho var formann til ho døydde. Sidan har Anne Kristine hatt ansvaret for basaren på Eikeland Grendahus, fredagen før palmesundag.



Basaren 2005: Vera Pedersen trekkjer lodda og Halvard Eikeland les kven som vinn

Etter det folk hugsar, har Eikeland kvinneforening hatt basar til inntekt for Misjonselskapet alle dei 90 åra som har gått. Det har vore mellom 8-15 kvinner som har møtst ei gong i månaden i den mørke årstida. Møta har nokre gonger vore i heimane og andre tider på Eikeland Skulehus, som det heitte før 1967, då det var brukt som skulehus. Kvinnene har gjerne hatt med eit eller anna handarbeid som skulle bli gevinst på basaren. Det har og vore mat og kaffi og ei andaktstund på møta.

Det var gjerne eit hekla sengeteppe eller ein fin duk som var hovudgevinsten. Elles hekk det "mjuke gevinstar" på ei snor langs alle veggene i basarstova. Dessutan har det alltid vore ei "kakebok" der folket som kom på basaren

kunne ta nummer for å vinna ei av dei mange kakene som kvinnene baka til basaren. Spesielt ungdomen kjøpte nummer for store beløp i kakeboka og håpa dei kunne samla venene sine til eit godt måltid etterpå.

Det er ikkje skrive protokoll i kvinneforeninga, og ingenting anna skriftleg matrial er å finna frå desse 90 åra med basar. Difor tenkte eg å dela eit par minne. Då eg var ti år, våga eg å sitja på vilkårleg plass, vekk frå dei andre i familien. Eg vart sitjande med Teodora Asheim (1904-1979). Ho kikka på meg og sa: -Eg trur du vinn den posen med frukt på bordet der. Og det gjorde eg!. Eit par år seinare vart det trekt ut ei kake der vinnaren blei utropt som "20051". Eg visste med ei gong kven det var. Det var bilnummeret på den kvite bobla til Peder Malmei. Han hadde samla 2-3 andre ungarar som nå hadde vunne kake og kunne kjøra avstad for å eta. Bjørn Ivesdal fortalte frå ein basar då han var skulegutt. Ungane på Ivesdal skulle få sitja på med Einar Ivesdal som då kjørte bil, mens dei vaksne gjekk. Tollei, far til Bjørn, hadde vunne ei kake og då bilen med ungar møtte att Tollei på heimveg, gjekk Tollei med kakeøskja loddrett under armen. Då sa Einar: - «Nei sjå Tollei, nå går han i heilt andre tankar og har snudd kakeøskja»

Basaren i 2012 blei den siste som Eikeland Kvinneforening hadde. Ein del av medlemmane var gamle, det var vanskeleg å finna nokon som ville vera leiar og ein var ikkje heilt einig i korleis basaren skulle utviklast. Så sjølv om dei hadde det sosialt og gildt på foreningsmøta, og det alltid var fullt hus på basarane, så blei det ikkje basar dei neste åra.

Per Spødevold